



# Fedje kommune

## Møteprotokoll for Kommunestyret

**Møtedato:** 12.03.2020  
**Møtestad:** Slissøyana/Skarvøyana i Fedje fleirbrukshall  
**Møtetid:** 18:30 - 21:30

<b>Møtedeltakarar</b>	<b>Parti</b>
Stian Herøy	H
Bjørn Solbakk	Frp
Anna Marit Storemark	Ap
Ernst Horgen	H
Hans Erik Waage	Ap
Kamilla Bjerkholt Karlsen	Ap
Marit Solbakk Øien	Frp
Otto-Andre Nordby	H
Paul Magnar Knapskog	H
Silje Sulen Gullaksen	H

  

<b>Møtedeltakarar vara</b>	<b>Parti</b>
Elin Iren Øien Solbakk	Frp
Jan Erling Borge	Ap
Kristin Aase	Ap
Rune Midtun Borgerød	Ap

  

<b>Forfall meldt frå følgjande medlemmar:</b>	<b>Parti</b>
Annika Tvedt Villanger	Ap
Einar Villanger	Ap
Frode Hjønnvåg	Frp
Gidske Borge Kolltveit	Ap
Paul Gunnar Gullaksen	H

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Bjarte Villanger, Gjermund Hagesæter, Kim Andre Vangberg, Kristin Handeland, Øyvind Tolleshaug

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
001/20	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
002/20	Godkjenning av møtebok
003/20	Referatsaker
004/20	Dagsturhytte
005/20	Budsjettregulering investeringar 2019
006/20	Tapt arbeidsforteneste i samband med folkevalde verv
007/20	Reglement for kommunestyret
008/20	Endring av starttidspunkt for kommunestyremøta
009/20	Oppretting av arbeidsgrupper i tilknytning til kommunestyret
010/20	Kommunedelplan for helse og omsorg. Planprogram
011/20	Psykososialt kriseteam
012/20	Avtale om administrativ vertskommunesamarbeid om krisesenter for Bergen og omegn
013/20	Søknad om overdraging av skjenkeløvet
014/20	Handsaming av kulturminneplanen for Fedje kommune
015/20	Festeavgift for gravminner ved Fedje Kyrkje
016/20	Oppfølging av forvaltningsrevisjon post og innsyn
017/20	Eventuelt kommunestyret 12.03.20

**001/20: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

**Kommunestyret 12.03.2020**

**Behandling:**

**K - sak 001/20 Vedtak:**

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

---

**002/20: Godkjenning av møtebok**

**Kommunestyret 12.03.2020**

**Behandling:**

**K - sak 002/20 Vedtak:**

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

---

**003/20: Referatsaker**

**Kommunestyret 12.03.2020**

**Behandling:**

kommuneoverlege Ernst Horgen orienterte om Koronasituasjonen og tiltaka på Fedje.  
Økonomisjef Bjarte Villanger orienterte om den økonomiske situasjonen og forventa underskot på rekneskapen 2019. Nøkkeltal vart delt ut.

**K - sak 003/20 Vedtak:**

Referatsaker og munnlege orienteringar vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

---

## 004/20: Dagsturhytte

### Kommunestyret 12.03.2020

Endringsforslag, foreslått av Hans Erik Waage, Arbeiderpartiet

Fedje Arbeidarparti meiner at ei dagsturhytte hadde vore eit flott tilskot i turterrenget vårt på Fedje. Me tenkjer at finansieringsdelen som Fedje kommune skal stå for, bør gjennomførast på ein litt annleis måte.

Etter at økonomisjefen orienterte formannskapet om den økonomiske situasjonen i kommunen, der fonda har gått frå 22 mill. Pr. 31.12 2017 til 13 millionar pr 31.12.2019, meiner Fedje Arbeidarparti at ein bør unngå å ta meir frå fondet, allereie før første kvartal er omme i 2020.

Det er totalt satt av 700.000 kr. til tømmeanlegg for bubil/camping m.m.

I budsjettet står det at overslaget er usikkert.

Difor meiner Fedje Arbeidarparti at dei 260.000,- blir tatt i sin heilhet frå "tømmeanlegg for bubil."

I og med at overslaget for dette tømmeanlegget m.m er usikkert, kan det godt hende at dei 440.000,- som står igjen, vil være nok til å få gjennomført dette prosjektet.

Finansiering om prosjektet vert gjennomført i 2020: Kr 100.000 for trafikksikring vert verande som i dag, medan 260.000,- vert teke frå tømmeanlegg for bubil/camping.

#### **Behandling:**

Formannskapet si innstilling vart sett opp mot Arbeiderpartiet sitt endringsframlegg. Formannskapet si innstilling vart vedteke med 8 mot 6 røyster. Arbeiderpartiet sine representantar røysta for sitt alternative framlegg.

#### **K - sak 004/20 Vedtak:**

Fedje kommune vil vera med på dagsturhytteprosjektet til Vestland fylkeskommune med ei hytte i Aurihopen.

Finansiering om prosjektet vert gjennomført i 2020: Kr 100000 for trafikksikring vert verande som i dag. Medan 100000 kr vert teke frå fond, og 160000 kr vert teke frå tømmeanlegg for bubil/camping.

Vedtatt med 8 mot 6 røyster. Arbeiderpartiet sine representantar (6) røysta for sitt alternative framlegg.

---

## 005/20: Budsjettregulering investeringar 2019

### Kommunestyret 12.03.2020

#### Behandling:

#### K - sak 005/20 Vedtak:

Budsjett 2019 vert endra i samsvar med saksutgreiinga.

Samrøystes vedteke.

---

## 006/20: Tapt arbeidsforteneste i samband med folkevalde verv

### Kommunestyret 12.03.2020

#### Behandling:

#### K - sak 006/20 Vedtak:

Tapt arbeidsinntekt

Det vert ikkje gjeve erstatning for tapt arbeidsforteneste for møte som startar etter kl. 16 med mindre tapet kan dokumenterast/ gjerast sannsynleg.

DOKUMENTERT TAPT ARBEIDSINNTEKT:

Vederlag vert gjeve inntil 100% av ordførargodtgjersle\* pr. dag. Stadfesting av trekk i løn, feriepengar og eventuelt pensjonsytingar skal gå fram av rekninga.

Sjølvtendig næringsdrivande skal gje opp føretaksnummer, og elles gjera sannsynleg tapet, t.d. ved hjelp av siste års skatteavrekning.

UDOKUMENTERT TAPT ARBEIDSINNTEKT:

Vederlag vert gjeve med 50% av ordførargodtgjersle\* pr. dag.

Møte inkludert reisetid som varer mindre enn 3 timar, vert godtgjort med 25% av ordførargodtgjersle\* pr dag.

\*Med ordførargodtgjersle er et meint den godtgjersla som ordføraren i Fedje kommune til ei kvar tid har rekna ut frå 100% stilling.

Samrøystes vedteke.

---

## **007/20: Reglement for kommunestyret**

### **Kommunestyret 12.03.2020**

Endringsframlegg frå Bjørn Solbakk (Frp), foreslått av ,  
Punkt 5) 1.avsnitt vert endra slik:

Kommunestyret sine medlemmer og varamedlemmer som vert kalla inn, pliktar å møta dersom dei ikkje har lovleg forfall. Kan eit medlem eller eit innkalla varamedlem ikkje møta, skal han/ho utan opphald, melda og seia frå om forfallsgrunnen til ordføraren med kopi til administrasjonen. Det skal straks kallast inn varamedlem.

#### **Behandling:**

Endringsframlegg frå Solbakk vart samrøystes vedteke.

#### **K - sak 007/20 Vedtak:**

Kommunestyret godkjenner vedlagte forslag til reglement for Fedje kommunestyre med følgjande endringar:

Punkt 5) 1.avsnitt vert endra slik:

Kommunestyret sine medlemmer og varamedlemmer som vert kalla inn, pliktar å møta dersom dei ikkje har lovleg forfall. Kan eit medlem eller eit innkalla varamedlem ikkje møta, skal han/ho utan opphald, melda og seia frå om forfallsgrunnen til ordføraren med kopi til administrasjonen. Det skal straks kallast inn varamedlem.

I punkt 20 må ein ta vekk "val og" i punkt c).

Samrøystes vedteke.

---

## **008/20: Endring av starttidspunkt for kommunestyremøta**

### **Kommunestyret 12.03.2020**

#### **Behandling:**

#### **K - sak 008/20 Vedtak:**

Kommunestyremøta skal vanlegvis starte kl 18.30.

Samrøystes vedteke.

---

## 009/20: Oppretting av arbeidsgrupper i tilknytning til kommunestyret

### Kommunestyret 12.03.2020

Endringsforslag 1 frå Arbeiderpartiet, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet  
Arbeidsgrupper i tilknytning til kommunestyret

Gruppene skal vere samansett av 6 representantar frå:

- 3 personar frå kommunestyret. Ein person frå kvart politiske parti. Kommunestyrerepresentantane frå Høgre og Framstegspartiet skal vere leiar og sekretær for gruppa. Alle dei tre personane vert bindeleddet mellom kommunestyret og gruppa og skal ved kommunestyremøter gi status for gruppa sitt arbeid og framdrift.
- 1 person frå aktuell lag/organisasjon/næringsliv/brukargruppe
- 1 «frivillig» som ønskjer å engasjere seg ut frå eiga kompetanse og gruppa sitt formål
- 1 representant frå ungdomsrådet/eldrerådet.

Alle arbeidsgruppene får ved oppstart eit grunnmandat:

- A) Ordførar og rådmann har møte- og uttalerett i alle grupper
- B) Gruppa lagar sjølv eigen møteplan som skal sikre framdrifta til prosjektet
- C) Gruppa har sjølv moglegheit til å fremme et meir presist mandat til kommunestyret
- D) Tidsramme
- E) Økonomiske rammar
- F) Alle grupper har som primæroppgåve å innhente prisar, sjå på mogleg finansiering og kome med ein rapport til kommunestyret innan gjeven tidsramme.

Arbeidsgruppe for marknadsføring:

Tidsramme: Gruppa må jobbe kontinuerlig og rapportere kvart halvår. Kva har ein gjennomført og kva for planar ein har framover.

Økonomiske rammar: Det er sett av 25000 kr til denne gruppa i 2020.

Mål: Kontinuerlig marknadsføring av Fedje på best mogleg måte

Prisestimat: 25000kr

Arbeidsgruppe for utbetring/nytt sjukeheim:

Tidsramme: Ferdig prosjektering i 2021

Økonomiske rammar: Det er sett av 20000 kr til denne gruppa i 2020.

Mål: Ferdigstilt alternativ i 2022

Prisestimat: ?

Endringsforslag, foreslått av Bjørn Solbakk, Framstegspartiet

Gruppene konstituerer seg sjølv, kommunestyrerepresentantar er bindeleddet inn mot kommunestyret; gruppene sjølv vel leiar og sekretær.

Endringsforslag 2 frå Arbeiderpartiet, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet  
Arbeidsgruppe for klatrevegg i hallen

Oppstart: 2022

Tidsramme: Ferdig rapport før budsjettmøtet i 2022.

Økonomiske rammer: Det er sett av 5000 kr til denne gruppen i året

Mål: ferdigstille klatrevegg i 2023

Pris estimat: 100 000kr

Arbeidsgruppe for turløype:

Oppstart: 2022

Tidsramme: Ferdig rapport før budsjettmøtet i 2022.

Økonomiske rammer: Det er sett av 5000 kr til denne gruppen i året.

Mål: ferdigstille turløype (rundløype?) med trenings- og lekeapparater, gapahuk og turhytte i 2023

Pris estimat: 500000 kr

Arbeidsgruppe for marknadføring

Oppstart: 2020

Tidsramme: Gruppen må jobbe kontinuerlig og rapportere hvert halvår. Hva har man gjennomført og hvilke planer de har fremover

Økonomiske rammer: Det er sett av 25000 kr til denne gruppen i året.

Mål: Kontinuerlig markedsføring av Fedje på best mulig måte

Pris estimat: 25000kr

Arbeidsgruppe for nytt klubbhus på fotballbanen

Oppstart: 2020

Tidsramme: Ferdig rapport i første kommunestyremøte i 2021

Økonomiske rammer: Det er sett av 5000 kr til denne gruppen i året.

Mål: ferdigstilt klubbhus i 2022

Pris estimat: 500000kr

Arbeidsgruppe for utbetring/nytt sykehjem

Oppstart: 2020

Tidsramme: Ferdig prosjektering i 2021

Økonomiske rammer: Det er sett av 20000 kr til denne gruppen i året.

Mål: ferdigstilt alternativ i 2022

Pris estimat: ?

Tidsrammene som er sett for de forskjellige gruppene er siste frist for rapportering. For noen av gruppene vil det være sannsynlig å være ferdig før.

Endringsforslag 3, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet

Arbeidsgruppa skal vere samansett av:

2 personar frå kommunestyret der den eine kan vere vara.

Gruppene konstituerer seg sjølve, kommunestyrerepresentantane er bindeleddet inn mot kommunestyret.

Arbeidsgruppe for klatrevegg i hallen

Oppstart: 2022

Tidsramme: Ferdig rapport før budsjettmøtet i 2022.

Økonomiske rammer: Det er sett av 5000 kr til denne gruppa i året

Mål: Ferdigstille klatrevegg i 2023

Prisestimat: 100 000kr

Arbeidsgruppe for turløype:

Oppstart: 2022

Tidsramme: Ferdig rapport før budsjettmøtet i 2022.

Økonomiske rammer: Det er sett av 5000 kr til denne gruppen i året.

Mål: Ferdigstille turløype (rundløype?) med trenings- og leikeapparat, gapahuk og turhytte i 2023

Prisestimat: 500000 kr



Arbeidsgruppe for marknadføring

Oppstart: 2020

Tidsramme: Grappa må jobbe kontinuerleg og rapportere kvart halvår. Kva har ein gjennomført og kva planar dei har framover

Økonomiske rammer: Det er sett av 25000 kr til denne gruppen i året.

Mål: Kontinuerleg marknadføring av Fedje på best mogleg måte

Prisestimat: 25000kr

Arbeidsgruppe for nytt klubbhus på fotballbana

Oppstart: 2020

Tidsramme: Ferdig rapport i første kommunestyremøte i 2021

Økonomiske rammer: Det er sett av 5000 kr til denne gruppa i året.

Mål: Ferdigstilt klubbhus i 2022

Prisestimat: 500000kr

Arbeidsgruppe for utbetring/ny sjukeheim

Oppstart: 2020

Tidsramme: Ferdig prosjektering i 2021

Økonomiske rammer: Det er sett av 20000 kr til denne gruppa i året.

Mål: Ferdigstilt alternativ i 2022

Prisestimat: ?

Tidsrammene som er sett for dei forskjellige gruppene er siste frist for rapportering. For nokre av gruppene vil det vere sannsynleg å vere ferdig før.

### **Behandling:**

Det vart til slutt votert berre over endringsframlegg 3 frå Kamilla Karlsen (Ap). Samrøystes vedteke.

### **K - sak 009/20 Vedtak:**

Arbeidsgruppa skal vere samansett av:

2 personar frå kommunestyret der den eine kan vere vara.

Gruppene konstituerer seg sjølve, kommunestyrerepresentantane er bindeleddet inn mot kommunestyret.

Arbeidsgruppe for klatrevegg i hallen

Oppstart: 2022

Tidsramme: Ferdig rapport før budsjettmøtet i 2022.

Økonomiske rammer: Det er sett av 5000 kr til denne gruppa i året

Mål: Ferdigstille klatrevegg i 2023

Prisestimat: 100 000kr

Arbeidsgruppe for turløype:

Oppstart: 2022

Tidsramme: Ferdig rapport før budsjettmøtet i 2022.

Økonomiske rammer: Det er sett av 5000 kr til denne gruppen i året.

Mål: Ferdigstille turløype (rundløype?) med trenings- og leikeapparat, gapahuk og turhytte i 2023

Prisestimat: 500000 kr

Arbeidsgruppe for marknadføring

Oppstart: 2020

Tidsramme: Grappa må jobbe kontinuerleg og rapportere kvart halvår. Kva har ein gjennomført og kva planar dei har framover

Økonomiske rammer: Det er sett av 25000 kr til denne gruppen i året.

Mål: Kontinuerleg marknadføring av Fedje på best mogleg måte

Prisestimat: 25000kr

Arbeidsgruppe for nytt klubbhus på fotballbana

Oppstart: 2020

Tidsramme: Ferdig rapport i første kommunestyremøte i 2021

Økonomiske rammer: Det er sett av 5000 kr til denne gruppa i året.

Mål: Ferdigstilt klubbhus i 2022

Prisestimat: 500000kr

Arbeidsgruppe for utbetring/ny sjukeheim

Oppstart: 2020

Tidsramme: Ferdig prosjektering i 2021

Økonomiske rammer: Det er sett av 20000 kr til denne gruppa i året.

Mål: Ferdigstilt alternativ i 2022

Prisestimat: ?

Tidsrammene som er sett for dei forskjellige gruppene er siste frist for rapportering. For nokre av gruppene vil det vere sannsynleg å vere ferdig før.

Samrøystes vedteke.

---

## **010/20: Kommunedelplan for helse og omsorg. Planprogram**

### **Kommunestyret 12.03.2020**

#### **Behandling:**

Ernst Horgen (H) og Kristin Aase (Ap) bad om å få vurdert sin habilitet fordi dei er med i arbeidsgruppa for kommunedelplanen. Representantane gjekk ut av møtet, og kommunestyret vurderte representantane som ugilde etter kommunelova § 11-10. Ingen varaer var kalla inn, og kommunestyret behandla saka utan dei to representantane.

#### **K - sak 010/20 Vedtak:**

Med hjemmel i Plan- og bygningsloven §4-1 Planprogram, vedtar Fedje kommune planprogrammet til Kommunedelplan for Helse- og omsorg 2020-2025.

Samrøystes vedteke.

---

**011/20: Psykososialt kriseteam**

**Kommunestyret 12.03.2020**

**Behandling:**

**K - sak 011/20 Vedtak:**

Kommunestyret godkjenner retningslinjer for psykososialt kriseteam i Fedje kommune.

Samrøystes vedteke.

---

**012/20: Avtale om administrativ vertskommunesamarbeid om krisesenter for Bergen og omegn**

**Kommunestyret 12.03.2020**

**Behandling:**

**K - sak 012/20 Vedtak:**

Fedje kommune sitt samarbeid etter vertskommunemodellen og avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om krisesenter for Bergen og omegn vert vidareført slik avtalen føreligg.

Samrøystes vedteke.

---

## **013/20: Søknad om overdraging av skjenkeløyvet**

### **Kommunestyret 12.03.2020**

#### **Behandling:**

Kommunestyret hadde fått ettersendt nye opplysningar i saka på e-post 05.03.20 om at Fedje servering AS hadde fått innvilga serveringsløyve.

Endringsframlegg frå ordførar Stian Herøy (H):

Fedje Servering AS får skjenkeløyve med følgjande skjenketider for alkoholgruppe I og II:

Måndag – Laurdag kl.08.00 – kl.02.0

Sundag og hellidagar kl 12.00 - kl 02.00

Uteservering av alkohol i gruppe I og II må avsluttast seinast kl.22.30 alle dagar.

Skjenketid for alkhoholgruppe III **inne** er kl.13.00 – kl.24.00 alle dagar.

Alkohol i gruppe III kan berre serverast innomhus.

Løyve gjeld for Bjellands kafe, puben og det uteområdet som Land og Strand Utleige AS hadde løyve for.

Skjenkestaden må ha ein fast meny.

Løyvet gjeld frå 12.03.2020 til 30.09.2020. Styrar for løyvet er Tore Frugård og avløyser er Stian Øvsthus.

#### **K - sak 013/20 Vedtak:**

Fedje Servering AS får skjenkeløyve med følgjande skjenketider for alkoholgruppe I og II:

Måndag – Laurdag kl.08.00 – kl.02.0

Sundag og hellidagar kl 12.00 - kl 02.00

Uteservering av alkohol i gruppe I og II må avsluttast seinast kl.22.30 alle dagar.

Skjenketid for alkhoholgruppe III **inne** er kl.13.00 – kl.24.00 alle dagar.

Alkohol i gruppe III kan berre serverast innomhus.

Løyve gjeld for Bjellands kafe, puben og det uteområdet som Land og Strand Utleige AS hadde løyve for.

Skjenkestaden må ha ein fast meny.

Løyvet gjeld frå 12.03.2020 til 30.09.2020. Styrar for løyvet er Tore Frugård og avløyser er Stian Øvsthus.

Samrøystes vedteke.

---

## **014/20: Handsaming av kulturminneplanen for Fedje kommune**

### **Kommunestyret 12.03.2020**

#### **Behandling:**

#### **K - sak 014/20 Vedtak:**

«Kulturminneplan for Fedje kommune» vert vedteken med unntak av handlingsdelen, som er frå og med side 68 til og med side 71 i vedlegget. Administrasjonen vil ta opp att arbeidet med handlingsplanen så raskt som mogleg.

Samrøystes vedteke.

---

## **015/20: Festeavgift for gravminner ved Fedje Kyrkje**

### **Kommunestyret 12.03.2020**

#### **Behandling:**

Anna-Marit Stormark (Ap) og Hans Erik Waage (Ap) bad om å få vurdert sin habilitet fordi dei er med i soknerådet. Representantane gjekk ut av møtet, og kommunestyret vurderte representantane som ugilde etter kommunelova § 11-10. Ingen varaer var kalla inn, og kommunestyret behandla saka utan dei to representantane.

#### **K - sak 015/20 Vedtak:**

Fedje kommune sluttar seg til ynskjet frå Fedje sokneråd om at festeavgifter for alle gravminner rundt Fedje kyrkje opphøyrer inntil ein har fått laga ein verneplan for kva gravminner som skal bevarast for ettertida.

Samrøystes vedteke.

---

## **016/20: Oppfølging av forvaltningsrevisjon post og innsyn**

### **Kommunestyret 12.03.2020**

#### **Behandling:**

#### **K - sak 016/20 Vedtak:**

Kommunestyret tar rådmannen si oppfølging av forvaltningsrevisjonen på post og innsyn til etterretning.

Samrøystes vedteke.

---

## **017/20: Eventuelt kommunestyret 12.03.20**

### **Kommunestyret 12.03.2020**

#### **Behandling:**

Spørsmål frå Kamilla B K Karlsen (Ap) om kvifor bibliotekssjefsstillinga er redusert. Rådmannen svarte at det hadde samanheng med fleire ting, bl.a. redusera lønnskostnadane, og folketalsutvikling.

Spørsmål frå Ernst Horgen (H) om det er mogleg å få revidert delegeringsreglementet. Rådmannen svarte at for tida utsett pga. redusert bemanning administrasjon.

Spørsmål frå Kamilla B K Karlsen (Ap) om det er vurdert å streame formannskapsmøte og kommunestyremøta. Rådmannen sa at om det ønskje frå kommunestyret, kan dei få sak til behandling.

Rådmannen orienterte om mogleg næringsprosjekt: Fedje Havvind AS. Kommunestyret var samrøystes samde om å be rådmannen går vidare med saka.

#### **K - sak 017/20 Vedtak:**

Kommunestyret bad rådmannen gå vidare med næringsprosjektet Fedje Havvind AS.

Samrøystes vedteke.

---